PRESSEMELDING

Florø, 20.05.2022

Velkommen til dåpsfest 23. og 24.mai

Fjord1 inviterer til folkefest når selskapet døyper fire av sine nye ferjer på Sunde og Jondal.

Etter to år med koronapandemi og utsette arrangement, har Fjord1 ved administrerande direktør Dagfinn Neteland endeleg gleda av å invitere til dåpsfest igjen:

-Dette er ei stor glede for oss, og etter to år med pandemi har vi ei rekke dåpsarrangement som no skal gjennomførast for fartøya våre. Fjord1 har investert tungt i det grøne skiftet dei siste åra der vi har fornya fartøyporteføljen med 34 elektriske ferjer, fortel Neteland.

MF Hillefjord, MF Florøy og MF Sildafjord vert døypt mandag 23.mai ved Sunde båtkai i Kvinnherad. Arrangementet startar med første dåp av MF Hillefjord kl. 11:00.
MF Sildafjord vert døypt kl. 11:45, og MF Florøy kl. 13:00. Det vert servering av kaker, sveler og kaffi etter alle seremoniane, i tillegg vert det visningstur for publikum kl. 13:30.

Festdagane held fram tysdag 24.mai når MF Samlafjord vert døypt ved Jondal ferjekai kl. 11:00. Det lokalet korpset spelar, og til stades ved seremoniane er mellom anna fylkesordførar, ordførarar, Sjøfartsdirektoratet, Statens Vegvesen og ikkje minst stolte gudmødrer på plass.

-Desse fire dåpsfestane markerer eit svært etterlengta «startskot» for våre nye miljøkontraktar i Vestland, der vi har sett inn topp moderne fartøy. Lokalsamfunn og miljø har fått eit kraftig løft der desse ferjene trafikkerer, og vi er stolte av å vere ein viktig bidragsytar for eit grønare, berekraftig samfunn i Vestland. Vi vil samtidig nytte anledninga til å markere det store ferjeløftet som Vestland fylkeskommune har bidrege til, og vi håpar innbyggarane vil feire saman med oss! Vi ønskjer både små og store varmt velkommen til dåpsfest, seier Neteland.

***Kontaktperson**: Administerande direktør Dagfinn Neteland. Mobil: 913 71 071.*

***Om Fjord1:** I Fjord1 har vi som mål å vere den sikraste og mest attraktive leverandøren av miljøvennleg ferje- og hurtigbåttransport for kundane, oppdragsgjevarane og samarbeidspartnarane våre. Fjord1 er ein leiande aktør på den norske ferjemarknaden og har over 80 ferjer. I tillegg til passasjerbåttenester driv selskapet verksemd innanfor catering og turisme.*